



Arkivsaknr: 2025/13541-38
Sakshandsamar: Eileen Marie Feste
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Klagesak - avslag på søknad om driftstilskot - Pensjonistforbundet Lindås

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett opprettheld vedtak *om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar 2026* – søknadsfrist 15.11.2025, og avviser klagen frå Pensjonistforbundet Lindås.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Saka gjeld

Pensjonistforbundet Lindås søkte driftstilskot til andre kulturorganisasjonar 2026 innan fristen 15.11.2025. Laget fekk avslag og har sendt klage på vedtaket, datert 26.02.2026 (*vedlagt*).

I følge retningslinene for tilskot til kultur og idrett, skal klagen handsamast i politisk hovudutval for kultur og idrett.

Saksopplysningar

Bakgrunn

16 av 27 søknadar til ordninga fekk tilslag, og totalt vart det delt ut kr 167.600.

I retningslinene står det «*Tilskota vil basere seg på aktivitetsnivå, rekkevidde og rolle i lokalsamfunna og nærmiljøa.*»

I klage frå Pensjonistforbundet Lindås datert 26.02.26, heiter det;

«...Våre driftsutgifter pr år ligg opp mot 700.000 kroner og halvparten dekker vi inn med eigenbetaling av medlemmene som deltek på dei aktuelle møter/tilskipinger.

Kring 50.000 kroner er direkte kulturretta tiltak som underhaldning med song/musikk og kåseri, og som laget vårt hentar midlar til utanom eigenbetalinga....»

Vurdering

Søknaden gjaldt tilskot til drift av andre kulturorganisasjonar. Rapporteringa er gjennom årsmelding og rekneskap. Ved søknadar om driftstilskot må det derfor komme tydeleg fram kva for del av organisasjonen si verksemd som er kulturaktivitet, og kva for utgifter og inntekter som er knytt til dette. Vidare må behovet for eit driftstilskot komme fram: at laget generelt har kulturaktivitet som har behov for tilskot og ikkje vil finne stad utan eit slikt tilskot.

Omgrepet kulturaktivitet, eller kulturretta formål, er etter tildelingsutvalet si vurdering knytt til ålmenne og opne møteplassar, hendingar og arrangement, med kulturaktivitet som del: til dømes lokalsamfunnsarrangement, friluftslivsdagar, konsertar eller føredrag. Alver forvaltar eit breitt kulturomgrep, men har i tilskotsforvaltninga i ei årrekke vurdert etter ei slik forståing.

I klagen viser Pensjonistforbundet Lindås til at dei har kring kr 50 000 i utgifter til kulturretta føremål, som ikkje vert dekt av eigenbetaling, og at medlemsmøta med kring 100 deltakarar går i underskot. Søknaden er slik korrigert med opplysningar som tilseier at laget har aktiv verksemd som er innafor verkeområdet for tilskotsordningar for kulturføremål i Alver kommune. Alver kommune er generelt kjende med lagets aktivitet.

Det er opplysningane i den innsendte søknaden som skal vera grunnleggjande for vurderingar av tilskot, og underskotet på medlemsmøta i 2024 ser i rekneskapen ut til å vera justert mellom anna ved sal av årer. Rekneskapen viser vidare kr 17 650 til *underhaldn./blomsterkjøp*, noko som ikkje tilseier ein større økonomisk aktivitet knytt til musikk eller føredrag. Den nye informasjonen i klagen vert vurdert til å ikkje vera utfyllande nok til å justere vurderinga. Om den nye informasjonen gjeld aktivitet i 2025, er det ikkje dette året som er grunnlaget for vurderingane gjort til søknadane som kom inn til fristen 15.11.2025, noko som er likt for alle søkjarar.

Klager viser til at dei ikkje brukar pengar dei ikkje har, noko som er ei forståeleg tilbakemelding. Likevel er prioritering av tilskot knytt til at eit tiltak treng offentleg stønad for å finne stad. I denne samanheng er det meir nærliggande at framtidige søknadar frå Pensjonistforbundet Lindås går til ordninga for tilskot til arrangement og arrangørar, som er særleg retta mot formåla klagen peiker til. Ved å søkje denne ordninga, i staden for driftstilskot til heile organisasjonen, kan dei konkrete utgiftene og inntektene til aktuelle arrangement vurderast, og ikkje verte i lag med ulike utgifter organisasjonen elles har i sin mangfaldige drift.

Dei økonomiske rammene for tilskot til kultur- og idrettsformål vart til 2026 redusert med kr 1 million, som reduserer handlingsrommet ved tildelingane.

Kommunedirektøren si tilråding

Vedtak i tildelingsutvalet om avslag bør oppretthaldast, og klage frå Pensjonistforbundet Lindås bør avvistast.

Vedlegg

- 1 Klage kulturmidler Pensjonistforbundet Lindås
- 2 20260211_Referat møte tildelingsutvalet (2)
- 3 Retningslinjer for tilskotsmidlar kultur og idrett
- 4 2064-254-KulturdriftstilskotAL.pdf
- 5 2064-254-3-PfL.3.Rekneskap.2024.PDF
- 6 2064-254-4-PfL.2.Årsmelding.2024.pdf
- 7 2064-254-5-PfL.5.Budsjett.2025.pdf
- 8 2064-254-6-PfL.7.Årsmøteprotokoll.2025.pdf